



**Vedlegg 1:
Fråværsreglement
for dei
vidaregåande skolane**



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sist oppdatert: 10.08.2021

Fråværsreglementet er ein del av ordensreglementet i Møre og Romsdal fylkeskommune. Grunnlaget for reglementet er forskrift til Opplæringslova §§ 3-3, 3-9 og 3-45 om vurdering i fag, fråværsgrensa og føring av fråvær i vidaregåande opplæring.

Innhald

Fråvær i vidaregåande skole	3
Føring av fråvær	3
Dokumentasjon/meldt fråvær:	3
Fråvær som ikkje er dokumentert	4
Fråværsgrensa - 10 prosent regelen.....	4
Viktige reglar om saksbehandling	5
Situasjonar som ikkje skal førast som fråvær	5

Fråvær i vidaregåande skole

Det vert rekna som fråvær når eleven ikkje er til stades i opplæringa.

Føring av fråvær

§ 1. Fråværet skal først av faglærer fortløpande. Elevar som kjem for seint har rett til å ta del i opplæringa, og det skal ikkje registrerast fråvær for undervisningstimen. Fråvær i heile undervisningstimar skal først. Oppmøte etter at undervisningstimen har starta, blir som hovudregel registrert som merknad om forseintkoming. Fleire merknader kan føre til nedsett ordenskarakter.

Ved særlege tilfelle som t.d. aktivitetar som ekskursjonar eller skidagar, vil det vere mogleg å føre fråvær i minutt og då skal ein gjere det.

§ 2. Eleven har sjølv ansvar for å dokumentere, eller på annan måte gjere greie for, fråværet i forhold til kontaktlærer. Dokumentasjon skal leggjast fram så snart som mogleg.

Er eleven fråverande heile dagen, skal timefråvær gjerast om til heildagsfråvær.

Kontaktlærer har ansvar for at dokumentasjon blir oppbevart så lenge det er nødvendig for føremålet. Oppbevaringa skal vere i samsvar med skolen sine rutinar.

§ 3. Eleven må følgje med på eige fråvær, og melde frå om eventuell feilføring til faglærer innan 2 veker etter fråværsdato. Eleven må også melde frå om timefråvær som skal gjerast om til heildagsfråvær, innan 2 veker. Etter 2 veker vil det ikkje bli gjort endringar.

§ 4. Sluttar eleven i eit fag, skal fråvær først fram til registrert sluttdato. Bytter eleven fag, skal fråvær i tidlegare fag ikkje følgje med. Det same gjeld elev som skiftar skole.

§ 5. Blir det gitt opplæring i fleire fag samtidig, skal elevane vere kjent med kva fag det blir gitt opplæring i. Eksempel kan vere ekskursjonar, tverrfaglege undervisningsopplegg, fagdagar og liknande. Fråvær vil bli knytt til faga aktivitetane er lagt til.

Dokumentasjon/meldt fråvær:

§ 6. Alt fråvær skal først. Alt fråvær skal dokumenterast/meldast og takast hand om av kontaktlærer for å unngå ordensmerknadar, som dokumentert/meldt fråvær.

Slik dokumentasjon kan for eksempel vere:

- erklæring frå lege eller tannlege
- timekort frå køyreskole
- stadfesting på deltaking på turar eller møter med ulike organisasjonar som korps, idrettslag, foreiningar mm
- beskjed frå elev eller føresette om fråvær, for eksempel via sms, e-post eller telefon

Det er egne unntak for dokumentasjon som omfattar 10 prosent fråværsgrense, sjå § 11 og vidare i reglementet.

§ 7. Eleven skal dokumentere fråværet på førehand dersom det er mogleg.

Ved sjukdom skal skolen ved kontaktlærer eller faglærer, ha melding i løpet av første fråværsdag. Må eleven forlate skolen pga. sjukdom eller andre årsaker, skal faglærer eller kontaktlærer ha beskjed.

Feriereiser skal reknast som fråvær og kan ikkje avtalast som organisert studiearbeid etter forskrifta § 3-45.

§ 8. Eleven kan krevje at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet eller kompetansebeviset, dersom han eller ho legg fram dokumentasjon på årsaka til fråværet.

Fråvær som ikkje er dokumentert

§ 9. Fråvær utan dokumentasjon kan føre til nedsett karakter i orden eller åtferd.

§ 10. Kjem eleven for seint, forlèt klassen eller ikkje møter til delar av opplæringa utan at det vert lagt fram dokumentasjon eller gjort greie for på annan måte, skal det registrerast som brot på reglementet og føre til merknad.

Fråværgrensa - 10 prosent regelen

§ 11. Har eleven meir enn 10,0 prosent udokumentert fråvær i eit fag, vil han eller ho som hovudregel ikkje ha rett til å få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i faget. Læraren kan heller ikkje sette slike karakterar.

Unntak kan gjerast dersom fråværet skuldast følgjande:

- a. helse- og velferdsgrunnar
- b. arbeid som tillitsvald
- c. politisk arbeid
- d. hjelpearbeid
- e. lovpålagt oppmøte
- f. representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå, f.eks. idrett eller kultur (jf. forskrift til opplæringslova § 3-45 femte ledd a. til f.)
- g. inntil to dagar til religiøse høgtider utanom Den norske kyrkja, jf. § 3-45 åttande ledd.
- h. tryggleikskurs på bane og andre og tredje del av tryggleikskurs på veg, som del av den obligatoriske trafikkopplæringa til førarkort klasse B, jf. trafikkopplæringsforskrifta kapittel 11 og forskrift til opplæringslova § 3-9 andre ledd.

Sjå § 17 for presiseringar til pkt. a. – f.

§ 12. Det må leggjast fram uttale frå lege eller anna sakkyndig for å kunne gjere unntak for helsegrunnar.

Fråvær som skuldast kronisk sjukdom kan dokumenterast med eigenmelding frå føreset for umyndige elevar eller frå myndige elevar. Dette føreset at det **på førehand** er lagt fram uttale frå lege eller anna helsefagleg sakkyndig som opplyser at

eleven har ein kronisk sjukdom, eller at eleven er under langvarig behandling eller utgreiing av mogleg sjukdom. Ny uttale frå lege eller anna helsefagleg sakkyndig må leggjast fram når rektor krev det.

Viktige reglar om saksbehandling

§ 13. Elevar som står i fare for å nå fråværgrensa skal alltid ha skriftleg varsel straks det er fare for ikkje å få vurdering med karakter, jf. forskrift til opplæringslova § 3-8. For umyndige elevar skal varsel også sendast til føresette.

Varsel skal sendast i god tid slik at det er mogleg for eleven å unngå at fråværgrensa blir nådd.

Elev som har fråvær på meir enn 10,0 prosent av årstimetal i faget skal ikkje ha vurdering med karakter. Rektor må fatte vedtak om dette, jf. forskrift til opplæringslova § 3-15. Vedtaket skal vere skriftleg og sendast eleven og føresette til umyndige elevar saman med informasjon om moglegheit for å klage. Vedtak om ikkje å setje standpunktkarakter kan klagast på til kompetansesjefen. Ei eventuell klage skal sendast til skolen.

Rektor kan bruke skjønn for udokumentert fråvær inntil 15,0 prosent. Dette gjeld i heilt spesielle tilfelle.

Situasjonar som ikkje skal førast som fråvær

§ 14

a) Organisert studiearbeid og skoleadministrative gjeremål skal, etter avtale med faglærer eller rektor, ikkje førast som fråvær, jf. forskrift til opplæringslova § 3-45 sjuande ledd. Eksempel på dette er deltaking i elevråd eller fylkeselevråd med underliggjande utval.

Med organisert studiearbeid meiner ein den delen av opplæringa der elevane etter avtale med skolen arbeider på eiga hand for å nå læreplanmåla. Studiearbeidet skal vere organisert eller tilrettelagt av skolen i større eller mindre grad for klasser, grupper eller enkeltelevar.

b) Avtalar med rådgivar, helsesøster og pedagogisk-psykologisk teneste skal ikkje førast som fråvær. Eleven har plikt til å dokumentere avtalen.

c) Utsett eksamen, særskilt eksamen og ny eksamen skal ikkje reknast som fråvær. Dersom eleven ikkje møter opp til eksamen, skal dette førast som fråvær.

d) Privatisteksamen skal ikkje reknast som fråvær når du tar fag skolen din ikkje tilbyr, og du treng faget for å få vitnemål.

e) Elevar som deltek på andre aktivitetar i regi av skolen (f.eks. fagekursjonar) skal ikkje ha teljande fråvær i fag dei skulle hatt undervisning i på skolen i den tida aktiviteten varer.

f) Avtalt samtale med rektor eller andre tilsette.

g) Intervju til læreplass.

10-dagars regel - frávær som kan krevjast ikkje ført på vitnemål eller kompetansebevis

- § 15. For inntil samanlagt 10 skoledagar i skoleåret kan eleven krevje at følgjande frávær ikkje blir ført på vitnemålet eller kompetansebeviset dersom det kan dokumenterast at fráværet skuldast:
- helse- og velferdsgrunnar
 - arbeid som tillitsvald
 - politisk arbeid
 - hjelparbeid
 - lovpålagt oppmøte
 - representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå
 - inntil 2 dagar for elevar som er medlemmer av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja. Fráværet må være knytt opp mot ei religiøs høgtid.

Krav med tilhøyrande dokumentasjon bør fremjast fortløpande og seinast 2 veker etter fráværet.

Sjå § 17 for presiseringar til pkt. a. – f.

- § 16. For at frávær som skuldast helsegrunnar ikkje skal førast på vitnemål/kompetansebevis, må eleven leggje fram legeerklæring som dokumentasjon.

Frávær som skuldast helsegrunnar, må vare meir enn tre dagar, og det er berre frávær frå og med fjerde dagen som kan strykast.

Ved dokumentert risiko for frávær på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan frávær strykast frå og med første fráværdsdag.

§ 17. Presiseringar pkt. a. – f.:

- Helse- og velferdsgrunnar** kan vere:
 - sjukdom
 - gravferd
 - sjuke barn
- Arbeid som tillitsvald** kan vere:
 - representant i kommunen sitt ungdomsråd
 - deltaking på møte eller i anna arbeid i Elevorganisasjonen
- Politisk arbeid** kan vere:
 - landsmøtedelegat for eit politisk parti
 - medlem i kommunestyret
 - medlem i Ungdommens fylkesting
 - medlem i Ungdomspanelet
 - medlem i politiske utval på fylkesnivå
 - partirepresentant i skoledebattar
- Hjelparbeid** kan vere:
 - deltaking i leiteaksjonar via humanitære organisasjonar
 - deltaking i pålagte øvingar for trening til hjelparbeid i humanitære organisasjonar

- e) **Lovpålagt oppmøte** kan vere:
 - innkalling til rettssak, vitneinnkalling
 - sesjon

- f) **Representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå** kan vere:
 - deltaking i ulike idrettslege meisterskap eller stemne
 - deltaking på konserter, kunst- og kulturarrangement

Postboks 2500, 6404 Molde (postadresse)
Julsundvegen 9, 6412 Molde (besøksadresse)

Tlf: 71 28 00 00
E-post: post@mrfylke.no
Web: mrfylke.no



Møre og Romsdal
fylkeskommune